

# Fiskeregler Søndre del av Eikesdalsvatnet

- Desse fiskereglane gjelder stongfiske innafor felt F5, vist i kartet under.
- På eit fiskekort kan ein bruke ei stong frå land eller opp til to stenger frå båt.
- Fiskekort er kun gyldig sammen med bevis for betalt fiskaravgift.
- Ved løyst fiskekort, forventast det kjennskap til fiskereglene.
- Fiskekort er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
- Fisketider i Aura er som følger:
  - Brunaure og røye: Open hele året i Eikesdalsvatnet og Littlevatnet, ikkje i elva.
  - Brunaure og røye: Open 01.06 - 31.08 gjelder elva.
  - Laks: Open 01.juni – 31.august. Du kan fiske: 1 fettfinneklinna laks under 65 cm. Gjenutsetting: All vill laks og laks frå Klekkjeriet som er over 65cm.
  - Sjøørret: Open 01.juni – 15.august, Du kan fiske 1 aure pr fiskedøgn.
  - Laks og sjøaure som fiskes utanom perioden 1.6 - 15/31.8 må sleppes ut.
- Før fisket startar må desinfeksjon av fiskeutstyr være føretatt. Stasjon på Eikesdal Camping.
- All villlaks/ laks med fettfinne skal settes ut igjen.
- Følg reglar for gjenutsetting. Ha med krokong. Laks som er skada og som må avlivast skal leverast til Eikesdal Grunneigarlag. Fisk under minstemål 35cm og som blir sett ut att, blir ikkje rekna. Sjå videoen: <https://www.youtube.com/watch?v=dq4xYlE-80&t=35s> Mattilsynet sine råd for gjenutsetting: <https://www.mattilsynet.no/fisk-og-akvakultur/fiskevelferd/fritidsfiske-og-dyrevelferd>
- Sjuk laks, oppdrettslaks og framande artar skal ut av elva, avlivast og rapporterast.
  - Eikesdal Grunneigarlag – Halvor Meringdal 902 96 345 evt Lars Kristian Finset 948 72 480
- Skjelprøvar: Du skal ta skjelprøve av all fisk som ikkje blir gjenutsett. Prøveposar får du hos oppsyn eller i desinfeksjonskassa på Eikesdal Camping. Prøvane leverer du på same staden som du fekk posen eller til oppsynet.
- Barn tom. fylte 17 år fisker gratis, men SKAL ha gjennomført desinfisering på utstyr som brukast.
- Husk innrapportering av fangst etter endt fisketur.
- Ta med ditt eige avfall. Bruk av eingongsgrill er ikkje tillat. Dette for å forhindre forsøpling og redusere brannfare.
- Overtramp av disse reglar kan medføre inndragning av fiskekort, bøteleggning og/ eller utestenging.
- Fisking utan fiskekort vil bli bøtelagt med 1000,-

